**MØTEAGENDA OG REFERAT**

| | |
|---|---|
| **Dato: 23.10.19**<br><br>**Tidsrom: 09.00 – 10:30** | **Type møte:** Styringsgruppa  Vestlandsprosjektet<br><br>**Tilstade:** Monika Kvamme , Jofrid Troland, Ingebjørg Søreide, Nadine Gutte Preusse, Malin D. Steine, Ove Sæbø, Nina Kvamme, Solrun Hauglum,  Kari E. Bjørkheim, Elin Eikemo, Leni Dale, Grete Herøy, Reidun Abotnes.<br><br>**Forfall:** Monika Totland, Helge Kvam, Christer Pedersen, Åshild Sønsteby, Eivind Lowzow |

| Saks nr. | TEMA med bakgrunn og dagens situasjon | MÅL/KONKLUSJON | NY AKSJON | ANSVARLEG | FRIST |
|---|---|---|---|---|---|
| 9/19 | Gjennomgang referat frå møte 22.03.2019 | Referatet vart gått gjennom. Godkjent | | | |
| 10/19 | Møteplan 2020 | Styringsgruppa vedtok at møta vert lagt  i tilknytning til kommunalsjefmøte med<br>2 møter fast i året.  Kalle inn til ekstra møte dersom behov.  I møtet vart ein samde om at møtetida vert sett til 3 timar for tilstrekkeleg tid.<br><br>Kommunalsjefgruppa startar arbeid med møteplan i dag. Forslag om veke 11 eller 12 for første møte 2020. Plan om avslutning av prosjektet med ein erfaringskonferanse i november 2020.<br>( alternativ:  10. – 17. eller 24.11.20)<br>Innspel til konferansen kan  takast opp i andre styringsgruppemøte i veke  44:  23. eller 30.10.2020. | Avklare møtedatoar i 2020 | Styringsgruppa | Desember 2019 |
| 11/19 | Status – framdrift i prosjektet<br>• Kompetanse-,opplæringsplan<br>• Implementeringsplan | Presentasjon av status og framdrift. | | | |

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | • Styringsdokument<br>• Samarbeidsavtale 2020<br>• Databehandlaravtale | Fokus på endring - gje tenester på ein ny måte for å nå dei mål som føreligg i forhold til brukarane og kommunane.<br><br>Vart informert om kompetansehevande tiltak.<br>Har gjennomført statusmøter i kommunane.<br>Kommunikasjonslinjer har vore noko utfordring i kommunane i høve til organisering av velferdsteknologiprosjekt lokalt. Ressurspersonar har ei viktig rolle i samarbeid med leiarane.<br><br>Vart presentert framdrift og resultat i forhold til implementering. Gevinstrealisering er viktig å sjå på.<br><br>Reell brukarmedverknad må sikrast ute i kommunane rundt bruk av teknologi.<br><br>Avvik: registrerast i kommunane sitt eige system og til ATEA som hovudleverandør på kontaktadresse.<br><br>Vart vist til dei ulike aktivitetar og oppgåver som prosjektet arbeider med og skal jobbe med vidare med ut 2020.<br><br>Styringsdokument ligg på heimesida:<br>www.vestlandsprosjektet.no | Skal rapporterast på 20.11.19 og vidare kvar 3 månad.<br>Sende statusrapportar til HDIR. | Kommunane<br><br>Prosjektleiar vestlandsprosjektet | |

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | | Ny samarbeidsavtale vert sendt ut for 2020 som tidlegare år.<br><br>Databehandlaravtale er sendt til kommunane for signering. | | | |
| 12/19 | Ivaretaking av informasjons- og personvern, tekniske feil, forsvarleg teneste<br>• Ros -analyse av tenesta<br>• Utarbeiding av DPIA<br>• Beredskapsplanar | Vore arrangert opplæringsdagar i forhold til ROS analyse og beredskapsplanar. Skal utarbeidast i dei einskilde kommune. | Arbeidsgruppe jobbar felles med DPIA for alle teknologiar– kan tilpassast i den einskilde kommune. | Vestlandsprosjektet | |
| 13/19 | Organisering VFT lokalt i kommunane og ivaretaking av brukarmedverknad lokalt | Omtalt under sak 11/19 | | | |
| 14/19 | Status og vidare arbeid med VFT for menneske med nedsett funksjonsevne | Nettverk for denne gruppa har ikkje vore aktiv.<br>Ikkje ressurar avsett til dette.<br>Informasjon om plan om oppretting av ein tenketank – tilsette/ressursar som jobbar med VFT for denne brukargruppa er aktuelle her.<br><br>Gruppa skal jobbe fram idear for korleis få ut velferdsteknologi til menneske med nedsett funksjonsevne. Innspel på at lovverket for denne brukargruppa i høve teknologi er ei utfordring og aktuelt tema å følgje opp. Erfarer ulik praksis i fylka som skal slåast saman til Vestland fylke | | | |

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | | Innspel på å ha  geografisk spredning med representasjon av små og store kommunar og breidde i forhold til kompetanse. | Sende ut invitasjon  til kommunane i november til å delta i arbeid med tenketank. | Vestlandsprosjektet | |
| 15/19 | Utviklingsprosjekt ilag med KS og Røde Kors i Bulgaria | Det vart informert om prosjektet og reise til Sofia på deltaking på konferanse i november og besøk frå Bulgaria i etterkant. Positivt med ein sosial profil i Vestlandsprosjektet.<br><br>Det skal inngåast ein partnerskapsavtale med ansvarleg kommune.  Det skal ikkje bli nokon utgifter for Vestlandsprosjektet. Deltakarar herifrå vil få godtgjersle etter avtale med utviklingsprosjektet. | Inngå partnerskapsavtale | Ansvarleg kommune/rådmann i Masfjorden i samarbeid med Vestlandsprosjektet | |
| 16/17 | Budsjett 2020<br>• Felles søknad HDIR/fylkesmannen<br>• Skjønnsmiddlar<br>• Kompetansemiddlar<br>• Eigenandel | Søker full pott for 2020 som for 2019 frå HDIR/fylkeskommunen. Vert sendt ut ny samarbeidsavtale for kommunane for 2020.  Eigendel blir utfrå oppsett budsjett og tildelt tilskot.<br><br>Aktuelt å søke om skjønnsmidlar i 2020<br><br>Plan om fagdag  i endringsledelse. | Sjekkar opp med fylkesmannen korleis søknad fungerer når det vert eit fylke<br><br>Søke om felles skjønnsmidlar<br><br>Søke OU midlar | Kari E. Bjørkheim<br><br>Leni Dale,  Kari E. Bjørkheim, Malin D. Steine, Elin Eikemo og evt repr. frå andre kommunar om det blir aktuelt.<br><br>Vestlandsprosjektet | |
| 17/19 | Heimeside Vestlandsprosjektet- saman om velferdsteknologi | Kan halda seg  oppdatert på heimesida. | | | |

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| 18/19 | Evt.andre saker<br><br>Henvendelsar om opptak i prosjektet frå andre kommune<br><br><br><br><br><br><br><br><br><br><br><br><br><br><br><br><br><br><br><br>Akson | Kome skriftleg henvendelse frå 2 nye kommunar om opptak i vestlandsprosjektet, og muleg fleire vil delta. Styringsgruppa opnar opp for nye kommunar i prosjektet. Positive til at ein tar opp fleire kommunar i prosjektet siste året. Vil påverke gruppesamansetningane jf styringsdokumenta, men prosjektet skal forbli som det er.<br><br>Nye kommunar vil bety noko meirarbeid i starten med kartlegging og prosessveiledning , men dei vil i stor grad følgje den aktivitet som vil føregå felles på lik linje med dei andre kommunane. Nye kommunar vil få ta del i prosjektet sine erfaringar, ta del i kompetansehevande tiltak og andre aktivitetar. Må betala eigendel som dei andre kommunane.<br>Eigendel i samarbeidsavtalen må ta høgde for noko auka aktivitet og budsjett utfrå tildelt tilskot.<br><br>Erfaringskonferanse - finansiering.<br>Inkludere kostnad i eigendel til prosjektet og leggast inn i budsjett for 2020.<br><br>Eit prosjekt som jobbar for ein felles kommunal pasientjournal og løysingar som knyt helse-Norge betre saman. Er sendt ut informasjon via e-post om Akson til alle i styringsgruppa og prosjektgruppa. Informasjon finn ein på: https://www.ks.no/akson | Inngå samarbeidsavtalar med nye kommunar som ynskjer opptak i Vestlandsprosjektet i 2020. | Ansvarleg kommune i samarbeid med Vestlands-prosjektet. | |

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | | | | | |

Referent: Elin Elkemo